



**Sogn barnevern**  
Balestrand, Leikanger, Luster og Sogndal

## Sogn barnevern

Sogn barnevern er ei interkommunal teneste for kommunane Balestrand, Leikanger, Sogndal og Luster. Tenesta vart etablert i 2008, med Sogndal som vertskommune. Balestrand vart ein del av tenesta i september 2011. Sogn barnevern er Sogn og Fjordane si største barnevernsteneste med eit befolkningsgrunnlag på om lag 16 800 innbyggjarar, der om lag 3 600 er barn i alderen 0 – til 17 år. Det er i overkant av ein times køyretid frå Sogn barnevern sin lokalisering i regionsenteret Sogndal og ut til dei ytste delane av kommunane. Det er totalt 33 skular, barnehagar og oppvekstsenter i dei fire kommunane.

Tenesta har 13,5 stillingsheimlar fordelt på 11,7 fagårsverk, 0,8 årsverk støttetjenester (merkantil og økonomi) og 1 årsverk som tenesteleiar. Tenesta er inndelt i to team som begge arbeider med alle kommunale barnevernsoppgåver, gjerne omtalt som ein «generalist-modell». Sogn barnevern har òg eit eige tiltaksteam som jobbar med tiltak inn i familiar. Alle fagtilsette har 3-årig høgskuleutdanning innanfor sosialt arbeid. I november 2016 vart det etablert eit leiingsteam med to teamkoordinatorar og ein fagleiar som, i lag med tenesteleiar, har eit særskilt ansvar for oppfølging av tenesta sitt forbetningsarbeid, internkontroll og kvalitetsutviklingsarbeid.

Også busetting av einslege mindreårige (EM) i Sogndal kommune er organisatorisk lagt inn under Sogn barnevern. Dette etablert som ein eigen avdeling hausten 2016.

Hovudmålsetjinga for barnevernet sitt arbeid er nedfelt i barnevernstenestelova sin føremålsparagraf § 1-1. Barnevernstenesta si kjerneoppgåve er knytt opp til barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid.

## Møte barn og deira familiar på ein tillitsvekkande, respektfull og profesjonell måte

Sogn barnevern sitt barneperspektiv (barnesyn og forståinga av «barnets beste») skal vere basert på grunnleggjande faglege og juridiske prinsipp og synast igjen i all utøvande og skriftlege verksemd. Barnets beste skal vere basert på følgjande prinsipp: *Tilknytings- og relasjonskvalitet, biologiske band, mildaste effektive inngrep og barnet sin medverknad*, jf. NOU 2012:5.

### Tiltak/ kartlegging:

- Samtale med barn, ungdom og foreldre  
**Marius Mus**
- Avdekkande samtaler med barn og ungdom  
**Den Dialogiske Samtalemotoden, DCM**
- Kartlegging av barn, ungdom og foreldre  
**WMCI** (Working Model of the Child Interview) **(f.o.m. 1. aug. 2018)**  
Kartlegging av foreldre sine indre arbeidsmodeller
- Heimebesøk
- Observasjon  
**Crowell observasjon:** Prosedyre: fri leik, opprydding, såpebobler, 4 oppgåver og ei kort atskillelse og gjenforening.



**Sogn barnevern**  
Balestrand, Leikanger, Luster og Sogndal

## Familiar som er i behov for hjelp frå barnevernet:

Barn og familiar som har behov for hjelp frå barnevernet, er ei stor og samansett gruppe, og årsakene til å i verksette hjelpetiltak vil variere.

### Tiltak:

#### Endringsorienterte tiltak

- **COS P** – tryggleiksirkelen med fokus på å styrke samspelet mellom foreldre og barn  
Foreldrerettleiing med fokus på å gi foreldre verktøy til å betre forstå kva behov barnet deira har, kva signal det gir, og korleis foreldre kan møte behova.
- **Marte Meo** – filmrettleiing  
Fokus på forsterking av positivt samspel
- **Tuning in to Kids (f.o.m. 1. aug. 2018)** – åtferdsorienterte foreldrerettleiingsprogram
- **Familieråd** – gode løysningar for barnet i slekt og nettverk  
Familieråd er eit tilbod der barnet og barnets familie og nettverk aktivt involverast i å finne gode løysningar for barnet. Familieråd styrker brukarens innflytelse og bidreg til å gi informasjon, mobilisere ressursar og skape openheit om innsats og ansvarsfordeling
- **Funksjonell familieterapi, FFT**  
Behandlingstilbod for familiar med ungdom som syner alvorlege åtferdsvanskar eller som er i risiko for å utvikle dette (12-18 år).
- **Generell foreldrerettleiing**
- **Foreldre- og barnsenter**

#### Kompenserande tiltak

- **Barnehageplass/ SFO**
- **Avlastningstiltak**
- **Dekking av fritidsaktiviteter og naudsynt utstyr**

#### Omsorgstiltak

- **Fosterheim**
- **Instutisjon**

## Samhandling med samarbeidande tenester

Kunnskap om, og samhandling med ulike samarbeidspartar, er grunnleggjande for å kunne oppnå barnevernstenesta sitt føremål. Sogn barnevern skal ha tydeleg ansvars- og oppgåvefordeling med andre instansar generelt, og i arbeidet med det einskilde barnet spesielt. Tenesta skal vidare ha eit godt og avklart samarbeid med alle som er direkte involvert rundt barnet. Sogn barnvern skal bidra til at våre samarbeidspartar får kjennskap til, og kunnskap om, regelverk om teieplikt, opplysningsplikt og meldeplikt til barnevernstenesta. Det skal årleg gjennomførast ein felles fagdag der alle Sogn barnevern sine lokale samarbeidspartar vert invitert inn til dialog om korleis samarbeide til barnets beste i saker med felles ansvar.



**Sogn barnevern**  
Balestrand, Leikanger, Luster og Sogndal

### Tiltak:

- Fast kontorvaktordning, tlf. 975 06 095
- Open konsultasjonstime for samarbeidande instansar kvar torsdag kl. 14.00
  - Drøfting av saker, anonymt utan samtykke
  - Rettleiing knytt til ulike tema, eller i einskild sak
- Deltaking på HSP/ BU- Team
- Deltaking i ulike felles kommunale utviklingsprosjekt
- Informasjon om tenesta på personalmøter
- Årleg fagdag
- Årlege teamkveldar for oppdragstakar i Sogn barnevern
- Deltaking i ansvarsmøte/ samarbeidsmøte/ systemmøte/ fagmøte
- Deltaking av utarbeiding av Individuell plan
- Attendemelding til meldar
  - Offentleg meldar etter melding og US, og bvt kan gje ei attendemelding vedr. tiltak.
  - Privat meldar, at melding er motteke

### Sogn barnevernsvakt:

Lov om barnevernstenester sin føremålsparagraf § 1-1 pålegg kommunane at barn og unge «får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid». Om barn og unge står overfor ei akutt krise eller vert utsett for grov omsorgssvikt vil omgrepet «rett tid» kunne være både kveld, natt, helg og høgtider. I brev av 11. juni 2016 uttaler Barne,- ungdoms og familiedirektoratet (Bufdir) følgjande:

*«Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet vurderer imidlertid at kravet til forsvarlige tjenester i barnevernloven tilsier at alle kommuner må ha tilstrekkelig og riktig kompetanse tilgjengelig utenfor vanlig kontortid. Kompetansen kan være tilgjengelig i kraft av en bakvaksordning pr. telefon. Selv om håndtering av mange akuttsituasjoner forutsetter et tett samarbeid med politiet og andre hjelpeinstanser, kan barneverntjenesten ikke overlate ansvaret for disse situasjonene til andre alene. En bakvaksordning må være formalisert slik at noen faktisk har ansvar for å bidra med barneverntjenestens kompetanse, og samarbeide med andre hjelpeinstanser dersom det oppstår en alvorlig situasjon utenfor kontortid. En ordning som baserer seg på at barnevernledere eller ansatte i varierende grad kan kontaktes på private telefonnummer i krisesituasjoner er ikke en forsvarlig organisering barneverntjenestens akuttberedskap».*

### Tiltak:

- Sogn barnevernsvakt, tlf. 40022988



**Sogn barnevern**  
*Balestrand, Leikanger, Luster og Sogndal*